

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 9. november 2021 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola Steinar Apeland.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 20.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H), Emly Årvik (A), Marit Gjedrem Hølland (Sp), Svein Terje Brekke (KrF) og Karsten A. Larsen (FrP) til og med sak 24/21
MØTANDE VARAMEDLEM:	Lars Birger Baustad (FrP) frå og med sak 25/21
FORFALL:	Karsten A. Larsen (FrP) f.o.m. sak 25 (kl. 18.40)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Leder forvaltningsrevisjon Silje Nygård Seniorforvaltningsrevisor Svein Kvalvåg
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje Kommunalsjef teknisk Asbjørn Moe i sak 23/21 Komm.sjef oppvekst og kultur Jorid Veia Isdahl i sak 24/21 Komm.sjef helse og mestring Annbjørg Lunde i sak 25/21 Økonomisjef Meike Baumgart f.o.m. sak 23/21
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Sigmund Lier (A) i sakene 23-26/21 Dagleg leiar Tiril Fjeld, Haugaland Næringspark AS i sak 22/21 Varamedlem Lars Birger Baustad (FrP)
MERKNADER TIL SAKSLISTE OG INNKALLING:	Ingen
FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:	

SAK 21/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.09.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 21.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Utvalet hadde ingen merknader. Varamedlem gjorde merksam på feil parti var sett på Lars Birger Baustad. Sekretær vil retta dette.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 21.09.21 blir godkjent slik han ligg føre, og med nemnde retting for varamedlem.

SAK 22 /21 ORIENTERING – HAUGALAND NÆRINGS-PARK AS

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek orienteringa om Haugaland Næringspark AS v/dagleg leiar Tiril Fjeld til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Dagleg leiar Tiril Fjeld viste si presentasjon om selskapet si historikk (i år 20), eigarar (no 5 kommunar) og organisering (no holding- og dotterselskap). Dei var no tre tilsette og skal utvide med ei/n innan kommunikasjon. Styret har mye kompetanse og kontaktnett. Styreleiar er Leif Johan Sevland. Vidare framheva ho det gode samarbeidet med kommunane.

Selskapet har Norges største ferdigregulert industriområde (5000 dekar) lokalisert midt i ein industri-intensiv region. Dei kan tilby tilgang på grøn vasskraft, vindkraft (3 turbinar), stort hamneanlegg med dypvasskai. Parken er valt ut som éin av fire kandidatar til ny plassering/etablering av batterifabrikk. Dette vil få store ringverknader for regionen og Tysvær kommune om Gismarvik skulle bli valt. Ho omtala deira strategisk agenda og viste bilete og kart. Arbeidet vidare var å utvikle delområde 1 og hamna, jobbe opp mot Statsnett si etablering, Utsira Nord og Rogfast/E 39. Utvalet hadde spørsmål om selskapet si økonomi som er i pluss med bakgrunn i sal av næringsstomter. Utvalsleiar takka for ei interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Tysvær kontrollutval tek orienteringa om Haugaland Næringspark AS v/dagleg leiar Tiril Fjeld til orientering.

SAK 23/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF TEKNISK

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef teknisk om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Kommunalsjef Asbjørn Moe viste si presentasjon om resultatområde teknisk. Han tilrådte stillinga i april i år. Organisasjonsmessig er dei inndelt i 3 seksjonar: forvaltning, prosjekt og drift, og er lokalisert på rådhuset og nye lokalar på Eikeskog. Med utgangspunkt i KOSTRA- og nøkkeltall viste han det han meinte var dei tre største utfordringane som teknisk må jobbe særskilt med: 1) kommunale bustader (større tilbod enn etterspurnad), 2) byggesak/kartoppmåling (fristbrot og låge inntekter) og 3) næringsområdet (høge kostnader og låge inntekter).

Kommunestyret vedtok i fjor ei organisatorisk gjennomgang av teknisk (sist gong i 2014), men han framheva at det vert jobba kontinuerlig med forbetningsarbeid.

Situasjonen det siste året har vore at dei hadde hatt ei dobling av innkomne byggesøknader, mange bekymringsmeldingar rundt to vindparkanlegg, mykje bruk av heimekontor pga. pandemi. Omlegging til nytt sakssystem har også vore krevjande.

Utvalet hadde kommentarar til den vanskelege situasjonen. Kommunalsjef svara mellom anna at omdisponering av tilsette og bruk av pålagd overtid var blitt nytta for å ta att etterslepet.

Utvallsleiar takka for ei ærleg orientering og ønskte kommunalsjefen lykke til i det vidare arbeid.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef teknisk om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 24/21 ORIENTERING OM KOMMUNEN SITT ARBEID OG HANDTERING AV OPPLÆRINGSLOVA § 9A

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå rådmannen om kommunen sitt arbeid og handtering av opplæringslova § 9 a til orientering .

Utvalet

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Utvallsleiar innleia om bakgrunn for sak med oppslag i media om enkeltsak og kommunen si internrevisjon og hans ønskje om ei overordna orientering.

Kommunalsjef oppvekst og kultur Jorid Vea Isdahl orienterte om temaet generelt, som blir tatt på største alvor. Å ha eit trygt og godt skulemiljø er ei lovfesta rett, som også gjeld i barnehagar, og som statsforvaltar har ansvar å ha tilsyn med og er klageinstans i enkeltsaker. Det er nulltoleranse for mobbing og vold, men også for mindre krenkingar.

Kommunen hadde tilsyn med to skuler i 2019, og det blei registert at skulane hadde god praksis, men dei mangla dokumentasjon og gode rutinar, og det uavhengig av person. Det er no utarbeida felles mål og prosedyrar for å følge med på skulemiljøet, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom nokon oppdagar eller har mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt på skulen. Fem skular, tre barnehagar og PPT har frå hausten 2020 vore med i eit kompetansehevingsprogram om inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Gjennom kommunal strategiplan er skulane involvert i tre satsingsområde 1) inkluderande læringskultur, 2) heim/skule-samarbeid og 3) grunnleggande ferdigheiter.

Utvalsleiar takka for ei grundig orientering. Han gjorde framlegg om eit tillegg i vedtaket knytte til kommunen sitt arbeid i etterkant av tilsyna.

Utvalet slutta seg til tillegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå rådmannen om kommunen sitt arbeid og handtering av opplæringslova § 9 a til orientering .

Utvalet har merka seg at rådmannen jobbar systematisk og kontinuerlig med å lukke avvika etter tilsyn ved to skular, og slikt utvalet ser det er kommunen godt i gang med å sørgje for at alle born har eit godt og trygt skulemiljø i Tysvær kommune.

SAK 25/21 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «EFFEKTIVISERING, FORBEDRING OG TJENESTETILPASNING»

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Effektivisering, forbedring og tjenestetilpasning» innanfor pleie- og omsorgstenestene og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.

Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Utvalsleiar innleia om val av prosjekt. Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg presenterte funna i rapporten med utgangspunkt i kommunen si utgiftsprofil. Kommunen har høge institusjons-utgifter og kostnader til heimetenestene. Han peika på at *forventningar* er ei nøkkelfordring i kommunen (frå innbyggjarar, tilsette og folkevalde). Han gjekk så gjennom tilrådingane.

Utvalsleiar ønskte kommentar frå kommunalsjef Lunde. Ho viste til rådmannen sin uttale, tatt inn i rapporten, men også til at tema/funna er aktuelle både nasjonalt og for nabokommunane, og at mykje er kjent frå før. Ho var glad for revisor sin gjennomgang, og ville ta dette med i det vidare arbeid med effektivisering. Ho var samd i at det var synd kvardagsrehabiliteringa hadde vore nede ein periode. Den var viktig, og kunne vere med på å utsette/forsinke «trinn i omsorgstrappa».

Utvalsleiar peika på at det måtte skje ei omstilling, som var ei stor politisk oppgåve. Ordførar stilte seg bak dette, og meinte kommunen må ta grep. Han var glad for at utvalet sette fokus på omstilling.

Utvalet hadde inga merknader til innstillinga og frist for tilbakemelding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Effektivisering, forbedring og tjenestetilpassning» innanfor pleie- og omsorgstenestene og tek denne til orientering.

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.

Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

SAK 26/21 INVITASJON TIL FELLES FORVALTNINGSREVISJON – KARMSUND HAVN IKS OG EIERFORHOLDET TIL KOMMUNALE HAVNER OG KAIANLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Alternativ A

Tysvær kontrollutval deltar i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg med utgangspunkt i utkast til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma for prosjektet vert sett til inntil 400 timar. Eigarkommunar som ønskjer å delta i forvaltningsrevisjonen betaler etter si prosentvise eigardel, som for Tysvær blir 30 timar.

Tysvær kontrollutval har følgjande innspel/tillegg

Alternativ B

Tysvær kontrollutval ønskjer ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS.

Tysvær kontrollutval meiner

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Utvalsleiar innleia. Han viste til sitt standpunkt til saka i sist møte under referatsakene. Han gjorde framlegg om alternativ B. Vidare meinte han det ikkje var trong for utvalet å be om tilbakemelding frå rådmannen slik Haugesund hadde gjort vedtak om. Utvalet støtta hans framlegg og syn.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Tysvær kontrollutval ønskjer ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS.

SAK 27/21 VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT 2022

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om” til neste møte på nyåret 2022.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Utvallsleiar innleia. Han gjorde framlegg om prosjekt nr 3 på prioritetslista om barnevern i lys av kommande barnevernsreform.

Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård sa litt om reforma, som legg stor vekt på førebygging, tidleg oppdaging og tidleg innsats. Ho viste til at Stavanger, Sola og Randaberg hadde også valt prosjekt innan dette i år. Ho viste døme på aktuelle problemstillingar.

Utvalet meinte søkelys på barn og unge var eit svært aktuelt tema, og støtta leiar og revisor til framlegg til prosjekttema.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Tysvær kontrollutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om barnevernreforma /oppvekstreforma knytte til førebygging og tidleg innsats i barnehage og barneskule til neste møte på nyåret 2022.

SAK 28/21 MØTEPLAN FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

tysdag **15. februar, 24. mai, 21. juni, 13. september og 8. november kl. 18.00.**

Utvallssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Utvalet slutta seg til framlegget slik det var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

*tysdag **15. februar, 24. mai, 21. juni, 13. september og 8. november kl. 18.00.***

Utvallssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 29/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.11.21

25. Statusrapport pr. november 2021
26. KST-vedtak 28.09.21, sak 57/21 og brev frå politisk sekretariat om endring av verv
27. KST-vedtak 26.10.21, sak 77/21 – Tertialrapport 2/2021
28. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 12.11.21
29. FKT – medlemsinformasjon september 2021
30. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
31. NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2022 på Gardermoen 02.-03.02.22. frist 16.12.21

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.21:

Til nr 26 opplyste sekretær at det ikkje var krav om nyval ved reduksjon av varamedlem.

Utvallsleiar opplyste at han var spurt om å halde innlegg i Sandnes og har takka ja til det.

Emly Årvik ønskte også å delta.

Utvalet melder frå om si interesse for Gardermoen-konferansen innan 15.12 til sekretariatet som vil kontakte utvalsleiar før påmelding.

Utvalet hadde elles ingen merknader til sakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.21:

Referatsakene nr 25 – 31 blir tatt til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag **15. februar** 2022, kl. 18.00

Saker: Orientering om Karmsund Havn IKS, oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitetssikring av plan- og byggesakshandsaminga», utkast til prosjektmandat til nytt prosjekt og utvalet si årsmelding for 2021.

Aksdal, 9. november 2021

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær